

## Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	217	12.09.2018	24.09.2018	IBM

37

## OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG INNSATS

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

### Vedlegg

1. Prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder i Sande
2. Rutiner for overgong mellom barnehage og skule

### Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

### Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisinga/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

### Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tidleg innsats – Sande kommune, datert 29.09.2017. Denne var handsama i kontrollutvalssak 43/17, og vidare i kommunestyret 06.02.2018 i PS 2/18 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Sande Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 29.09.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  - a) Kommunen skal vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
  - b) Kommunen skal sette i verk tiltak for å få implementert prosedyrar for å ivareta det einskilde barn under skulealder og i større grad ute på einingane (barnehagane).
  - c) Kommunen skal i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.

- d) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
  - e) Kommunen skal vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassestrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.

### **Tilbakemelding frå rådmannen v/ oppvekst- og kultursjef, av 01.06.2018**

Vi viser til utskrift frå møteprotokoll vedr. Forvaltningsrevisjonsprosjektet – tidleg innsats – der kommunestyret vedtok at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.18.

Følgande status kan rapporterast:

Vedr. punkt a):

Det er oppretta faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane 2 gonger i året + etter behov. Møtepunktane er kommuniserte og avtalte gjennom styrarmøte, og vert innarbeidde i prosedyrane før neste barnehageår.

Vedr. punkt b):

Vedlagde prosedyre (vedlegg 2) er etablert (jfr. Compilo) og kommunisert via styrarmøte til leiarane for den einskilde barnehagen. Det vil bli oppfølging i styrarmøta til hausten.

Vedr. punkt c):

Prosedyre (vedlegg 2) vedlagt. Revisjonen vart presentert i leiarmøte 8.6.18. Blir lagt inn i kvalitetssystemet (Compilo).

Vedr. punkt d):

Vi viser til vedlegg 2, der det går fram korleis komande kontaktlærar skal involverast.

Vedr. punkt e):

Vi viser til vedlegg 2, der denne tilbakemeldinga er teken inn.

### **Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 31.08.2018**

Anbefaling 1 (a)

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen oppretta faste møtepunkt i samsvar med anbefaling 1.

Anbefaling 2-5 (b-e)

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen fått på plass skriftlege prosedyre som er dekkjande for dei ulike anbefalingane. Kommunen skal evaluere endringane i styrarmøta til hausten.

  
Jostein Støylen  
Dagleg leiar

  
Ida Birgitte Marholm  
Konsulent



SANDE KOMMUNE  
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00  
postmottak@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

Kontrollutvalet Sande kommune

<i>saksnr</i>	<i>løpenr.</i>	<i>arkiv</i>	<i>avd /sakshandsamar</i>	<i>dato</i>
2017/1444	3167/2018	B20	OPK ØJ	01.06.2018

### **FORVALTNINGSREVISJON - TIDLEG INNSATS - STATUS FOR GJENNOMFØRING AV ANBEFALINGANE PR. 01.06.18**

Vi viser til utskrift frå møteprotokoll vedr. Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tidleg innsats (sak 2/18 i kommunestyret) – der kommunestyret vedtok at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.18.

Følgjande status kan rapporterast:

- Vedr. punkt a): Det er oppretta faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane 2 gonger i året + etter behov. Møtepunktene er kommuniserte og avtalte gjennom styrarmøte, og vert innarbeidde i prosedyrene før neste barnehageår.
- Vedr. punkt b): Vedlagde prosedyre (vedlegg 2) er etablert (jfr. Compilo) og kommunisert via styrarmøte til leiarane for den einstilte barnehagen. Det vil bli oppfølging i styrarmøta til hausten.
- Vedr. punkt c): Prosedyre (vedlegg 2) vedlagt. Revisjonen vert presentert i leiar møte 8.6.18. Bli lagt inn i kvalitetssystemet (Compilo).
- Vedr. punkt d): Vi viser til vedlegg 2, der det går fram korleis komande kontaktlærar skal involverast.
- Vedr. punkt e): Vi viser til vedlegg 2, der denne tilbakemeldinga er teken inn.

Med helsing

  
Øystein Johansen  
Oppvekst- og kultursjef

# Prosedyre for å ivareta det einsskilde barn under skulealder i Sande

## Barnehageloven § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling...

## Barnehageloven: § 19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

## Mål: Auke kvaliteten for å styrke det ordinære

**Fange opp tidleg og raskt følgje opp den som har særleg behov**

**Tidleg innsats for å styrke barnet sine moglegheiter seinare i livet**

## Omfang/Virkeområde

Prosedyra gjeld alle barn i førskulealder.

## Ansvar

Styrar i den einsskilde barnehage. Kommunalsjef

PPT

## Aktivitet/skilddring

**Prosedyre – fortløpande – vegen frå vurdering må skje utan unødvendig opphald og raskast råd.**

	Prosedyre	Ansvar	Merknad
1.	Drøfting, refleksjon og prosess i kollegiet om korleis samla ressurs skal prioriterast til det beste for barna i barnehagen eller på avdeling.	Styrar	Styrer og pedleiar evt avdeling
2.	Vurdering av barnet si utvikling motorisk, språkleg og kognitivt. Observasjon.	Pedleiar	Tidlegast mogeleg og med jamne mellomrom
3.	Nærare vurdering og tiltak i forhold til barn som treng tilpassing/ekstra oppfølging	Pedagog, evt spesialpedag og PPT i saker som PPT er involvert i	Med samtykke frå foreldre kan PPT vere med i saker som ikkje er tilmeldt

4.	Forslag til tiltak/organisering	Pedagog, evt spesialpedagog og PPT	Med samtykke frå foreldre kan PPT vere med i saker som ikkje er tilmeldt
5.	Iverksetting av tiltak	Styrrar, pedleiar	Tidsavgrensa, fleksibelt
6.	Evaluering av tiltak	Styrrar	pedagog, PPT, evt. foreldre
7.	Nytt tiltak, evt. avslutte innsats	Styrrar	pedagog, PPT, evt. foreldre
8.	Be om sakkunnig tilråding dersom tiltaka ikkje har tilfredstillande verknad	Styrrar	PPT sakkunnig instans
9.	Einskildvedtak og IOP	Skulesjef	
10	Evaluering av tiltak	Styrrar	Kontinuerleg
11	Evt be om ny sakkunnig vurdering	Styrrar	Ved endra behov og før gjeldande sakkunnig går ut

## Bilete og illustrasjonar

o bilete knytt til

## Vedlegg

Ingen element

## Kompetanse

## Hjemmel

<http://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-3>

<http://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§5-1>

<http://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§5-4>

Referansar

Utstyr

**Rutiner for overgang mellom barnehage og skule**  
**(Hauemarkja Barnehage sitt forslag, 21.03.18)**

Tid	Kva gjer vi	Kven sitt ansvar	Frist innan
Juni	Rektor kontaktar barnehagen for å få event. orientering om barn med særskilde behov dei komande åra.	Rektor	
August/september	Overgangsrutiner vert gjort kjende for foreldra i barnehagen gjennom årsplan og foreldremøte.	Styrar	01.10.
September	Innhenting av løyve til informasjonsflyt mellom barnehage og skule, samt mellom barnehage og helsestasjon i forkant av førskulekontrollane. Eige skriv med underskrift.	Styrar	01.10.
November	Møte mellom rektor og styrar for informasjon om særskilde ting. Levere namneliste på førskulebarna til den aktuelle rektor. Rektor kontaktar helsestasjon, flyktningkons. og oppvekstkontor for å sjekke om der er born som ikkje går i barnehagen.	Rektor	01.12.
Januar	PPT observerar førskulebarna og har refleksjon med personale.	PPT	01.02.
Januar	Fastsetje førskuledagar og besøksdagar på dei aktuelle skulane på leiarmøtet i januar. Fastsetje overgangsmøte i april/mai.	Rektor	01.02.
Februar	Møte mellom barnehage og helsestasjon vedr. førskulebarna.  Sjekk av barnetalslister frå folkeregisteret for å fange opp born som ikkje går i barnehage.	Helsestasjon  OPK-sjef	01.03.
Mars	Innskriving av nye 1. klassingar «Foreldreskule 1 », tema: (Førskulearbeid, PPT og foreldrerollen i førebuing til 1. klasse)	Rektor Styrar/rektor	01.04. 01.04
April/mai	Møte mellom rektor/kontaktlærer for komande fyrsteklassingar og styrar/ped.leiar Informasjon om <ul style="list-style-type: none"> <li>• Enkeltbarn</li> <li>• Gruppa.</li> </ul>	Styrar	15.05.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva ein har jobba med for å sikre progresjon</li> <li>• Særskilde ynskjer frå skulen i høve til arbeidet med førskulegruppa neste år.</li> </ul>		
Mai	Gjennomføring av førskuledagar « Foreldreskule» 2 tema: (1. klasse, fysisk aktivitet og kosthald, helsestasjon? )	Rektor Rektor	01.06.18 01.06.18
Januar – juni	For barn med særskilde behov eige møte med foreldre, skule, barnehage og PPT, evt. Andre. ( vil avhenge av tilretteleggingsbehov)	?	
september	«Foreldreskulen for foreldre i 1. klasse 3» Presentasjon av barnevern og ressursgruppe i kommunen, PMTO rådgiving og terapi		01.10
oktober	« Foreldreskulen for foreldre i 1. klasse 4» Sosial kompetanse og arbeid med steg for steg		01.11
Juni året etter	Tilbakemelding frå skulen til barnehagen vedr. barnegruppa etter eitt år i skulen.	Styrrar tek kontakt	10.6. året etter





## UTSKRIFT

frå

### M Ø T E PROTOKOLL

---

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Sande kommune	45/17	217	22.11.2017

---

#### SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

##### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Sande Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 29.09.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  - a) Kommunen skal vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
  - b) Kommunen skal sette i verk tiltak for å få implementert «prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder» og i større grad ute på einingane (barnhagane).
  - c) Kommunen skal i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
  - d) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
  - e) Kommunen skal vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2018**.

##### Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidlig innsats, Sande Kommune*, datert 29.09.2017. Motteke 17.11.2017

##### Habilitet

Torbjørn Rekdal sr. tok opp om han var inhabil då han far til leiaren i PP tenesta.

Rekdal gikk frå og kontrollutvalet tok stilling til hans habilitet.

Kontrollutvalet vedtok at Torbjørn Rekdal var inhabil til å delta i behandlinga av sak 45/17, jf. forvaltningslova § 6.1 b.

Rekdal fekk melding om vedtaket og gikk frå under behandling av sak 45.

## Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisninga/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

### Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
  - Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

### **Problemstilling 1:**

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommune på denne området?

### Revisjonen konkluderer med (side 27 i rapporten):

PPT gjennomfører førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehage på fleire måtar. Tilbakemeldinga frå einingane viser at dei både er flinke og engasjerte. Og ein fekk inntrykk ute på einingane at ein samarbeidet godt med PPT og at dei var lett tilgjengelige.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule, mange av desse er utarbeida av PPT. PPT er også inne i både førskule og 1.klasse og observerer for å fange opp elevar med svake ferdigheiter. Av utfordringar vert et vist til at enkelte av rutinane ikkje er godt nok implementerte på einingane og kommunen bør sette i verk tiltak for å betre dette.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka.

### **Problemstilling 2:**

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

### Revisjonen konkluderer med (side 32 i rapporten):

Kommunen har utarbeida ein skriftleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule.



I høve forbetringpunkt vart det peika på at skulane må sikre at overgangsplanen vert følgt og prioritert, då ein kunne oppleve at førskulen og aktivitetar knutt til denne ikkje vart prioritert av skulane.

Tilbakemelding frå einingane viste at det meste av dialog/samarbeid i høve overgangen vert gjort mellom styrar og rektor. Kommunen bør vurdere om ein i større grad enn tidlegare bør prøve å involvere framtidig kontaktlærer meir i overgangsaktivitetane mellom barnehage og skule.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp og invitere førskulebarn som ikkje går i barnehage i høve overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.

Kommunen har skriftlege rutinar for å innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

### **Problemstilling 3:**

- **I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

#### Revisjonen konkluderer med (side 34 i rapporten):

Barnehage og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Ein kan derimot ikkje konkludere med om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

#### **Anbefalingar i frå revisjonen (side 35 i rapporten):**

- Kommunen bør vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehage-einingane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
- Kommunen bør sette i verk tiltak for å få implementert prosedyrar for å ivareta det einskilde barn under skulealder og i større grad ute på einingane (barnhagane).
- Kommunen bør i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærer i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassestrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

#### **Tilbakemelding frå rådmannen (side 35-36 i rapporten)**

Viser til tilbakemelding frå Oppvekst- og kultursjef side 35 og 36.

Revisjonen kom med kommentarar på grunn av tilbakemeldinga, sjå side 37.



**SANDE KOMMUNE –  
KONTROLLUTVALET**

**VEST KONTROLL**  
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

**Rett utskrift**

Åram, 4. desember 2017

**VEST KONTROLL**  
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ida Birgitte Marholm  
Sekretær

**Utskrift til: Kommunestyret for behandling**